Røysterett i eit rikt fellesskap

22.03.2015

Mange aktørar var i aksjon samtidig på Husnes ikveld og Røysterett for alle var eit av kora

Røysterett for alle var ein av mange aktørar i framsyninga Heile verda er ein scene på Husnes ikveld. Med musikk, song, akrobatikk og drama fekk knapt 300 ei oppleving omkring menneska sine sju aldrar, Husnes musikklag var arrangør og enno ein gong var Clive Anderson produsent og musikalsk ansvarleg. Vårt eige kor hadde 3 soloinnslag, Barnet, Ei vidunderleg verd og Gangar frå Seim. I tillegg var koret med på epilogen.

Kormedlem Lisje Croles var dessutan med i eit talekor der 7 personar sa fram ein sterk monolog, kvar på sine språk. Lisje frå Nederland representerte landet sitt.

Røysterett for alle kom godt frå oppgåva, sjølv om det kan vera vanskeleg å få fram eit homogent kor i ein stor sal med mange mikrofonar og dermed homogen lyd.

Haldor Tveit og Frode Kaldestad stod for tonefylgje. Gangar frå Seim med solosong av Maria Malmsten gjer seg alltid godt.

Det er uansett nyttig og utviklande for eit kor å vera med på ei framsyning med eit klart bodskap og ein stram regi. Framføringa der alle er medspelarar skaper glede og eit rikt fellesskap.

Tekst og foto: Kristian Bringedal
Nett: Ola Matti Mathisen